

Møte i fakultetsrådet, ved Fakultet for helse- og sosialvitskap (FHS), Høgskulen på Vestlandet (HVL)

Dato: Torsdag 19.januar 2022, kl.12:00-15:00.

Stad: Digitalt (Zoom)

Deltakarar:

Randi Skår (dekan, møteleiar)

Therese Bøyum (fakultetsrådgivar, sekretær)

Eksterne representantar:

Marianne Clauda Bjørkly (kompetansekoordinator/Prosjekt Økt kompetanse, NAV Fylkeskontor Vestland)

Olav Klausen (administrerende direktør, Helse Fonna)

Elin Wetås Jara (spesialrådgivar, KS)

Sverre Simen Hov (næringspolitisk rådgivar, Bergen Næringsråd)

Interne representantar:

Lovise Haugen Wiik (rådgivar)

Eireen Finden (høgskulelektor)

Mariya Stoyanova Bikova (førsteamanuensis) (vararepresentant)

Gjester i møtet:

Sak 1/23: Trude Engebretsen (administrasjonssjef)

Deltok i deler av møtet: Svanaug Fjær (instituttleiar ved institutt for velferd og deltaking - IVD), Janne Bjorheim Bøe (dagleg leiar Senter for Omsorgsforskning Vest - SOFV), Monica Wammen Nortvedt (prodekan forskning), Unni Margrethe Uren Asen (prodekan utdanning).

Forfall:

Ole Tormod Kleiven (førsteamanuensis)

Merete Røthing (førsteamanuensis)

Hilde Almås Bø (student)

Maria Knudsen (student)

Sak	Saks- type ¹	Saksframlegg	Kva skal skje i møtet?
Sak 1/23: Rekneskap 2022 og budsjett 2023	O	 Presentasjon til sak 1-23.pptx	Trude Engebretsen (administrasjonssjef) gir ei orientering om førebels resultat av rekneskapen for 2022 og budsjett 2023.
<p>Referat i sak 1/23:</p> <p>Trude Engebretsen (administrasjonssjef) orienterte fakultetsrådet om førebels resultat av rekneskapen for 2022 og budsjetttrammer for 2023. Sjå vedlagt PowerPoint-presentasjon, som vart presentert i møtet. Representantane i fakultetsrådet stilte avklarande spørsmål undervegs i presentasjonen.</p> <p>Oppfølging av saka:</p> <p>Endeleg budsjett for FHS 2023, vert presentert for fakultetsrådet i møte den 23.03.23.</p>			
Sak 2/23: Planarbeid i FHS	D	 tildelingsbrev-2023- høgskulen-pa-vestlan  HVL strategi 2023-2030.pdf	<p>Dekan innleier i saka, med å gje fakultetsrådet ei orientering om faktorar som vil påverke planarbeidet og aktiviteten i fakultetet i åra som kjem (nasjonal prosessar, styringssignal frå kunnskapsdepartementet og planverk knytt til verksemdsstyring i HVL).</p> <p>Det er nyleg vedteke ny verksemdsstrategi for HVL, og denne vert ei viktig rettesnor for planarbeidet framover. Strategien skal vare heilt til 2030, medan fakultetet vil legge meir tidsavgrensa planar. Leiargruppa i fakultetet vil i løpet av januar meisle ut dei tiltaka som vi særleg skal vektlegge i 2023 og sjå desse i samanheng med den økonomien vi har til rådighet.</p> <p>Dekan presenterer første utkast til overordna tiltaksbilete for FHS 2023.</p>

¹ D = Drøftingssak O=orientering



Presentasjon til sak
2-23.pptx

Fakultetsrådet gir sine innspel i saka.

Referat i sak 2/23:

Dekan orienterte fakultetsrådet om faktorar som vil påverke planarbeidet og aktiviteten i fakultetet i åra som kjem, både av nasjonale prosessar, styringssignal frå kunnskapsdepartementet (KD) og planverk knytt til verksemdsstyring i HVL. Dekan orienterte også om oppfølging av fakultetsplanen i linja /einingane, og gjekk deretter gjennom hovudlinjene, utfordringane og det overordna tiltaksbiletet i fakultetsplan FHS.

Vedlagt finn de presentasjonen frå møtet (der utkast til tiltaksbiletet i fakultetsplanen går fram av side 8-13).

Fakultetsplanen er utarbeida i samsvar med målstrukturen i verksemdstrategien, med tiltak under kvart av følgande overordna mål:

Mål 1: Dei profesjons- og arbeidslivsretta utdanningane våre skal dekkje framtidens kompetansebehov

Mål 2: Forskinga vår held høg internasjonal kvalitet og er med på å forme samfunns- og arbeidslivet

Mål 3: Ansvarleg innovasjon pregar samhandlinga vår med samfunns- og arbeidslivet

Mål 4: Organisasjonen vår er kjenneteikna av at vi søker forbetring

Mål 5: Vi er eit samskapande universitet med levande campusar som tek ei tydeleg regional rolle

Mål 6: Vi deler kunnskap og deltek aktivt i samfunnsdebatten

Innspel frå fakultetsrådet:

- Ekstern representant syner til drøftingar i ekspertgruppe for helse (ved Bergen Næringsråd), der ein ser eit stort behov for meir samarbeid mellom offentlege og private aktørar – om utvikling av helsenæring. Samfunnet består av ein stadig større del av aldrande befolkning, og det er mangel på arbeidskraft. Representanten peiker på at desse utfordringane krev at vi utnyttar potensialet i samarbeid mellom offentlege og private aktørar for utvikling av helsenæring, og meiner det er bekymringsverdig at dette ikkje er eksplisitt nemnt i verken tildelingsbrev frå KD eller i HVL sin

verksemdstrategi. Eksport av helsenæring har eit stort potensiale og kan bli ei viktig inntektskjelde for Noreg, og HVL har stor moglegheit til å vere pådrivarar i denne utviklinga.

Dekan syner til målområde 3 i verksemdstrategien, som omhandlar nettopp ansvarleg innovasjon i samhandlinga med samfunns- og arbeidslivet. Eit av tiltaka ved FHS handlar om satsing på utvikling innan digital helse (både på forskning og utdanning). Dette er eit tverrfakultært samarbeid mellom FHS og Fakultet for ingeniør- og naturvitskap (FIN). Helsenæringa er eitt av områda som kan vere aktuelle for vidare samarbeid. Det er dessutan fleire døme på gründeraktivitet i HVL. Det pågår både utdanning, innovasjon og forskning på tvers av fagmiljø i HVL, og i samarbeid med regionen (næringslivet og helseføretak). Det er blant anna god kompetanse på AI (kunstig intelligens) og VR-teknologi.

- Representant frå helseføretak meiner det er positivt at den nye verksemdstrategien til HVL er konsis og kortfatta. Representanten syner elles til tildelingsbrevet frå KD (side 4), der det står at: *«Levekårsundersøkelsen for 2021 blant studenter i høgere utdanning og høgere yrkesfaglig utdanning viser at andelen studenter som vurderer egen helse som god, har blitt betydelig redusert siden 2010, og at særlig unge heltidsstudenter sliter med psykiske plager og ensomhet. Universitetene og høyskolene har ansvaret for studentenes læringsmiljø og forventes å samarbeide med studentsamskipnadene og legge forholdene til rette for et godt studiemiljø og god studentvelferd.»* Representanten stiller spørsmål om korleis HVL planleggar å følgje opp desse forventingane frå regjeringa.

Dekan stadfestar at HVL ser fleire studentar som treng tettare oppfølging enn tidlegare. Dette vert fulgt opp på institusjonsnivå, v/prorektor for utdanning. Det er blant anna er sett i verk tiltak, via [Læringsmiljøutvalet i HVL](#).

- Intern representant tar opp ei utfordring knytt til praksissamarbeid. Det meldast om at tilsette er usikre på i kva grad ein skal reise ut og gjennomføre praksisbesøk, eller om ein skal gjennomføre praksisbesøket digitalt. Det er ulike variantar av praksisoppfølging i dag, og det rår usikkerheit blant tilsette - i kva grad ein skal nytte digital eller fysisk praksisoppfølging. Tilsette ved HVL opplever dessutan ei forventning frå praksisfeltet om at HVL bør nytte fysisk praksisoppfølging. Problemstillinga er særleg gjeldande på campus Sogndal, der ein har stor geografisk spreing i praksisplassar.

Dekan orienterer om at problemstillinga har vore oppe til drøfting i leiarmøte i FHS, og det må kartleggast kva praksismodell som er mest formålstenleg i fakultetet. Rammer for praksisoppfølging blir ein del av arbeidet med gjennomgang av retningslinjer for arbeidstid (som er eit av tiltaka under mål 1).

- Intern representant syner til *Plan for internasjonalisering FHS 2023-2025* (ligg som vedlegg til referatet), og stiller spørsmål ved om denne tar opp utfordringa knytt til rekruttering av internasjonale (master)studentar, etter lovendring om innføring av studieavgift. Lovendringa får direkte konsekvensar for det internasjonale digitale masterstudiet [healthy, ageing and rehabilitation](#), der 90 % av studentane rekrutterast frå utlandet, og lavinntektsland.

Dekan påpeiker at handlingsplanen vart utarbeida *før* denne lovendringa vart vedteken, og er såleis ikkje ein del av denne. Men det skal gjerast eit arbeid, der fakultetet følgjer opp lovendringa – og vurderer korleis dette skal løysast best mogleg (som del av arbeidet med rekruttering, inntakskvalitet og gjennomstrøyming, under mål 1).

Oppfølging av saka:

Leiargruppa tek sikte på å lande fakultetsplanen i løpet av februar, i samband med budsjettarbeidet. Endeleg fakultetsplan for 2023, vert presentert for fakultetsrådet i møte den 23.03.23.

Sak 3/23: Utfordringsbilete og kompetansebehov i arbeidslivet	D	Ingen vedlegg i saka.	HVL som institusjon er avhengig av det eksterne perspektivet, for å styrkje samfunnsrelevansen til fakultetet si verksemd. Dei eksterne medlemmane i fakultetsrådet blir her invitert til å legge fram korleis dei frå sin ståstad erfarer behovet for og utfordringane knytt til utdanning, forskning og kompetanse i samfunnet relatert til fakultet for helse- og sosialvitskap sin portefølje. Drøfting i plenum.
--	---	-----------------------	---

Referat i sak 3/23:

Innlegg frå dei eksterne medlemmane i rådet:

- **Representant frå Bergen Næringsråd** takkar for gjennomgang av presentasjonar i sak 1/23 og 2/23, og påpeiker at desse gjer eit godt innblikk i organisasjonen. Innsikt i utdanningsinstitusjonane sitt virke er verdifullt inn i det vidare arbeidet med å utvikle helsenæring, og vil bli tatt med attende til Bergen Næringsråd. Utfordringane som samfunnet står overfor, med aldrande befolkning og mangel på arbeidskraft, krev at vi utnyttar potensialet i samarbeid mellom offentlege og private aktørar for utvikling av helsenæring. Private aktørar melder om at det er vanskeleg å navigere mot det offentlege, medan det offentlege ikkje ser korleis private kan involverast. Slikt samarbeid kan til dømes skje ved at offentlege aktørar knytter til seg eksterne investorar på ulike prosjekter (t.d. satsingar på sjukehus). Ein ser føre seg at HVL kan ha ei rolle som består i å legge til rette for offentleg/privat samarbeid, via gründerskap og innovasjon. Satsing på utvikling av digital helse og klyngeaktivitet kan vere gode døme på tema for samarbeid og vidare utvikling.

Det vert også naudsynt å samarbeide på tvers av bransjar. Eitri helseinkubator er eit døme på samarbeid mellom næring, industri og utdanningsinstitusjon, der gründerar og forskarar saman skal skape nyvinningar innan helse – med mål om å skape arbeidsplassar og helseeksport. Oppsummert kan ein seie at vi treng eit større fokus på samarbeidet mellom det private og det offentlege, og meiner HVL har eit potensiale til å bygge grunnlag for samarbeid.

Det er eit stort potensiale for utvikling og eksport av helsenæring i Noreg. Ekspertgruppa for helse (i Bergen Næringsråd) har eit pågåande prosjekt der dei skal kartlegge helsenæring i Bergensregionen. Etter kartlegging er gjennomført, skal ekspertgruppa prøve å bygge ei merkevare for helsenæringa i Bergensregionen. Det er fleire døme på nyvinningar der ein ikkje har klart å ta ut næringspotensialet.

- **Representant frå Helse Fonna** orienterer om at Helse Fonna også mottok tildelingsbrev frå departementet i desse tider. Det er meldt om økonomiske innstramningar på cirka 100 millionar. Helse Fonna tek imot mange lærlingar og studentar frå både HVL og frå universitet. Volumet på sjukepleiarstudentar er om lag 100 studentar pr år (fordelt på tre sjukehus). Ein av utfordringane med praksissamarbeidet, er å finne balansejongen mellom det å gje studentar ein god praksisperiode, samstundes som ein strevar med konsekvensane av ein pandemi og stor auke i pasientar, og eit stadig aukande press om å ta inn fleire studentar.

Representanten er særst positiv til sjukepleiarutdanninga og vernepleieutdanninga i Haugesund, og meiner det er viktig å styrke det enkelte campus. Erfaringa syner at dersom studentar kan ta utdanninga si lokalt, er det større sannsyn for at det vert verande i regionen. Representanten meiner at HVL allereie har lukkast i å etablere ein desentralisert campusmodell, og påpeiker at det er ei grense for kor mykje ein kan desentralisere utan at det går på kompromiss av kvaliteten i utdanningane og ein god studentoppleving. Det har også ein verdi at studentane har tilgang på ein samlingsstad på campus, med moglegheit for samarbeid og samhandling. Kvaliteten på helseutdanningane i HVL er særst god, og representanten håpar at søknadsmassen vert god ved komande opptak. Elles meldes det om godt samarbeid med HVL, både i praksissamarbeid og i samarbeid i form av representasjon i FHS fakultetsråd over to periodar.

Dekan har spørsmål til representanten, i kva grad det opplevast «turnover» i sjukepleiaryrket i Helse Fonna. Jamfør Helsepersonellkomisjonens NOU, der det vert reist spørsmål ved om ein førebur studentane godt nok på arbeidslivet. Representanten syner til ulike risikoområde i helseføretaket, der turnover er eitt av dei. Slik situasjonen er no, er dette eit mindre problem i Helse Fonna (og eit større problem i Helse Bergen). Det er høgare grad av risiko knytt til rekruttering enn turnover. Eit av problema her, er aggressiv rekrutteringspolitikk frå rekrutteringsbyrå, særleg av spesialisjukepleiarar. Her jobbast det kollektivt i Noreg, for å adressere utfordringa mot byråene. Intensivavdelingane har, som ein konsekvens at dette, vore under stort press.

- **Representant frå NAV** fortel om det viktige samarbeidet mellom HVL og NAV, der NAV tek imot mange studentar i praksis og rekrutterer mange tilsette med utdanning frå HVL. Eitt av dei overordna måla i NAV er å bidra til å skape ein velfungerande arbeidsmarknad. Det er naudsynt at menneske kjem attende i jobb når dei er sjuke, er sikra økonomisk tryggleik og opplever eit inkluderande arbeidsliv.

Ein av utfordringane i dagens situasjon, er flyktningstraumen frå Ukraina. Det kjem gode menneskelege ressursar frå Ukraina, men det er vanskeleg å få omsett desse i arbeidslivet. Eit av problema gjeld registrering av personane sin kompetanse i NAV sine system, der det ikkje er mogleg å søkje opp deira yrkesbakgrunn. Kvinner i Ukraina tar gjerne høgare utdanning, men er i større grad heimeverande etter dei får barn. Dette gjer at dei manglar arbeidserfaringa. Språkopplæring er også krevjande. Det er naudsynt med effektiv språkopplæring innan helsearbeid, for å få nytte kompetansen inn i spesialyrka.

Utanforskap er ein ann utfordring, særleg blant innvandrarar og flyktingar, men også i aukande grad blant unge menneske. Antal innvilga vedtak på uførestønad flater ut, men det er ei auke i uføretrygda i alder mellom 25-35 år. Årsak til uføretrygda er som hovudregel ikkje medfødde lidningar, men meir innan psykisk helse og rus. Eit sentralt spørsmål her, er om velferdsstaten gir for lett opp? Har vi for høgt fokus på diagnostisering og ressursar, heller enn støtte og tilrettelegging for å kome seg attende i arbeid eller utdanning? Representanten utfordrar FHS og spør om vi kan synleggjere dette perspektivet inn i dei helse- og sosialfaglege utdanningane i større grad?

Dekan melder attende at utanforskap blant unge er eksplisitt nemnt i HVL sitt tildelingsbrev, og at HVL skal leggje forholda til rette for eit godt studiemiljø og god studentvelferd.

Elles melder representanten frå NAV om at HVL har vore dyktige på å bruke NAV sine tilsette inn i undervisning, men at det framleis må jobbast for å auke denne aktiviteten. Døme på nokre område som er aktuelle for samarbeid mellom NAV-tilsette og FHS (både innan utdanning og forskning): rettleiing, forvaltningskompetanse, kommunikasjon og formidling til brukarar. Representanten ytrar ønskje om at NAV i større grad vil involverast i forskingsaktivitet ved FHS, og foreslår forskingsworkshop som eit aktuelt tiltak - der FHS presenterar kva forskning som pågår i organisasjonen. Pr i dag er det større samarbeid mellom NAV og utdanningsinstitusjonar om prosjekt i Osloområdet, og det må jobbast meir målretta med å oppnå det same på Vestlandet.

- **Representant frå KS** måtte forlate møtet tidlegare, men kjem attende med si orientering i neste møte den 23.03.23.

Moment frå drøfting i plenum:

- Intern representant har kommentar til innlegg frå NAV, om utanforskap. Innvandrarar og ungdom blir nemnt som særleg representert i denne statestatikken, men også utviklingshemma står utanfor arbeidslivet, og bør vere eit fokusområde i fortsettinga. Vernepleierutdanninga har fokus på denne tematikken, og bidreg med viktig kompetanse inn mot denne brukargruppa. Det er imidlertid mangel på utdanna vernepleiarar, og truleg er det også eit mørketal på kor stor mangelen er – då vi ser at det stadig blir tilsett andre faggrupper som følgje av mangel på vernepleiarar. Det er såleis sterke argument for å behalde vernepleierutdanninga i Haugesund (jamfør også innlegg frå representant frå Helse Fonna, der det vart gitt uttrykk for stor etterspørsel etter utdanna arbeidskraft).
- Instituttleiar ved IVD syner til innlegg frå NAV om samarbeid mellom institusjonane. Instituttleiar meiner at samarbeidet med NAV har utvikla seg godt, men merker seg at nokre regionar har lukkast betre med samarbeidet mellom utdanningsinstitusjonane og NAV – og påpeiker at FHS har som mål å ta større del i denne aktiviteten framover. Det må også påpeikast at FHS kan syne til ferske resultat av godt samarbeid, blant anna ny vidareutdanning i Helse- og velferdsforvaltning.
- Instituttleiar ved IVD syner til innlegg frå Bergen Næringsråd der HVL vert utfordra på å leggje til rett for offentleg/privat samarbeid, via gründerskap og innovasjon. Instituttleiar opplyser at innafor utdanninga sosial arbeid er det aktivitet innan sosialt entreprenørskap, og gründerskap innan tenesteutvikling. Innafor master i sosialvitskap (studieretning samfunnsarbeid) er det fokus på frivilligheit og arbeid inn mot frivillige organisasjonar.

Vi har altså konkrete dømer i våre studieportefølje, på tematikk som kan treffe denne utfordringa. Når det gjeld innlegg frå NAV om arbeidsinkludering, er dette også døme på tematikk som er sentral FHS sin studieportefølje. Tenesteutviklinga er langt framme i våre fag.

- Intern representant trekker fram at innovasjon og prosjektarbeid er sentralt i utdanningane ved IVD, og er positiv til større samarbeid med andre offentlege og private aktørar om innovasjon, og utfordrar Bergen Næringsråd på å kome med konkrete bestillingar på korleis og om kva type tematikk det kan vere aktuelt å samarbeide om.

Oppfølging av saka:

Dekan takkar for gode innlegg. Dekan foreslår at ei likande orienteringsrunde kan vurderast å settast opp som fast sak i framtidige møte, men at dette kan drøftast i neste møte.

Representant frå KS førebur eit kort innlegg til neste møte den 23.03.23.

Sak 4/23:

D

Eventuelt

Referat i sak 4/23:

Det var ingen saker under eventuelt i dette møtet.